

Vahaugen Velforening  
Org. nr 991 596 526  
c/o Øivind Olsnes , Vahaugen 26, 5913 Eikangervåg

08.03.2015

Lindås kommune  
[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

### **Vedkomande planar og tiltak: Vahaugen bustadfelt, Eikanger i Lindås kommune**

Reguleringsplan for bustadfelt på Eikanger - del av Gnr. 212 Bnr. 7 vart vedteke godkjend i Kommunestyret den 24.06.04 – sak 067/04. I etterkant er det gjort ulike vedtak om mindre endringar, siste revidering 03.10.2007.

Grunneigar Steinar Haukås har nyleg orientert Velforeninga om at Lindås kommune har kontakta han med ønskje om no å kjøpe og frådele eit areal i bustadfeltet på ca. 1.5 da til teknisk anlegg. Dette området har i dag status som friområde i gjeldande reguleringsplan. Etter kva vi forstår vil området få endra status til Offentleg verksemd / kommunikasjonsareal /teknisk anlegg. Velforeninga er ikkje oppført i partslista i nabovarsel for søknad om tiltak og krav om matrikulering.

Vi har henta ut dokument og vedtak som er registrert for reguleringsplanen i Braplan. I saksframlegg for reguleringsaka framgår: *«Detaljar knytte til reinsesystem/slamavskilling, utslepsleidning og utforming av desse vert avklara i ein eigen teknisk plan»*. I Kommunestyret sitt vedtak står det: *«Det skal utarbeidast ein teknisk plan for kommunaltekniske anlegg. Dersom kommunen skal overta tekniske anlegg må dette avklarast i ein eventuell utbyggingsavtale.»*

Velforeninga vil her be om få ei nærmare orientering om Lindås kommune sine planar og behov for nemnde tiltak og endring som er tenkt å gjennomføra, samt opplyst om kommunen legg opp til å føreta ein prosess for endring av reguleringsplanen.

Vidare vil velforeninga be om å få tilsendt kopi av vedteken utbyggingsavtale mellom Lindås kommune og utbyggjar om VVA-anlegg for Bustadfelt på Gnr 212 Eikanger Bnr 7. I den samanheng er det ønskjeleg å få opplyst om kommunen har overteke VVA-anlegget i samsvar med utbyggingsavtalen.

Styret i Vahaugen velforening meiner at velforeninga må sjåast på som part i denne saka. Dette grunna velforeninga sin bruksrett til omsøkt areal i kraft av gjeldande planstatus. Velforeninga har rettar og pliktar til alle fellesareal innan bustadfeltet. Vi ber derfor om ei tilbakemelding frå Lindås kommune om dette er akseptert.

Steinar Haukås, som grunneigar for alle fellesareal i Vahaugen bustadfelt har tilbode Velforeninga å overta / kjøpe desse fellesareala. Totalt utgjier regulert bustadfelt ca. 30 da, men bustadfeltet er etter kva vi forstår ein del av Gnr 212 Bnr 7. Bustadtomtene i feltet er frådelt ved tidlegare sal. For å kunne vurdere ei slik overdraging til Velforeninga ber vi om å få opplyst kva kostnader ei slik eigedomsoverdraging vil utløyse med betaling til Lindås kommune , t.d. kommunale gebyr til frådeling, oppmåling og eventuelt anna.

Vi imøteser ei snarleg og positiv tilbakemelding frå kommunen om vår førespurnad og kan gjerne ta eit møte for å avklare ulike spørsmål til saka.

Med venleg helsing  
for styret i Vahaugen velforening  
Øivind Olsnes, sign.